

Registreringsnummer:

5657

Saksnummer:

200900782

NVE

Leikanger 02.10.2013

nve@nve.no

Høyringsfråsegn: Konsesjonssøknad for Ugulsvik Kraftverk, Veitastrond i Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 21.08.2013 og til søknadsdokumenter som vi har lasta ned via internett. Høyringsfråsegna er basert på søknaden, informasjon frå lokalkjende og frå internett, og eigen kunnskap om området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 56 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.797. Ugulsvik kraftverk ligg i Luster Turlag sitt arbeidsområde, sjå:

<http://www.turistforeningen.no/luster/>.

Kort om friluftsliv i det aktuelle området:

Det er lite organisert friluftsliv knytt til den aktuelle vassstrengen og området langs denne, meir sporadisk turgåing t.d. til Langanesnovi og for jakt, padling og småbåtferdsel på Veitastrondsvatnet. Sykling langs Veitastrondsvegen er truleg det mest nytta området, då denne er relativt lite trafikkert og såleis vert nytta som sykkelveg. I nedslagsfeltet er det merka tursti til og trimpost ved stølen Hongi. Denne har og vore med i trimpostkonkurransen som går på mellomsteget ved Hafslo Barne- og ungdomskule. Det er god stølsveg, sykkelveg fram til stølen Fossen under Skoganipa og vidare god sti fram til Hongi. Om vinteren er det oppkjørte løyper fram til stølen Skogo og meir sporadisk skuterspor/skiløype fram til Hongi. Nedre del og deler av elva er synleg frå vegen til Veitastrond og frå vatnet, der dei mindre vassstrengane er med å skape kontrastar og auke opplevingsverdiane i området. Skoganipa og Krokberget er blant dei mest besøkte toppane i området, spesielt som skiturmål langt utover våren. Sogndal Turlag arrangerar padleturar på Veitastrondsvatnet. Elva er godt synleg frå Yngsdalen, der både Sogndal Turlag og Luster Turlag har hatt organiserte turar med stor deltaking.



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Tlf. 57 72 06 14

E-post: sogturla@online.no

Heimeside:

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455



Lokale (blå) og regionale (grøne) viktig friluftsområde, kilde www.fylkesatlas.no:

I sjølve tiltaksområde er friluftslivet avgrensa til mest lokale brukarar.

DNT, SFT og Luster Turlag er no i ein tidleg startfase for å bygge opp att Tungestølen Turisthytte som DNT-hytte på Veitastrand. Med denne i drift kan ein vente ein auke i både trafikk og for generelt friluftsliv i området. Sykkelturer langs vatnet og padling kan venteleg auke med ny hytte i drift.





Padling på Veitastrondsvatnet byr på rike landskapsopplevelingar. Her nær holmane sør for Ugulsviki ein stille sommardag. Foto: Elisabeth Dahle

Punkt 1.2 Grunngeving for tiltaket er å styrkje næringsgrunnlaget knytt til eigedomane pga lokal busetnad/tilknytning til eigedomane. Ugulsviki er eit fråflytta bruk, nytta som feriehus. Om kraftverket kan bidra til ny busetting på bruket Ugulsvik vil det gje positiv verknad til lokalsamfunnet. Har NVE fått konkrete opplysingar om at ei eventuell utbygging vil føre til fornya fast busetnad i Ugulsvik?

Punkt.1.4 Situasjon i dag og eksisterande inngrep:

Slik vi les søknaden vil ein byggja ny veg på omlag 2 km i eit relativt inngrepsfritt natur-/fjellområde. Samstundes står det at øvre del av vassvegen og inntaket er planlagt etablert veglaust. Den nye anleggsvegen vert svært synleg i så bratt terreng. Vi vil be NVE om å kreve ein utbygging med taubanedrift framfor bygging av anleggsveg i eit så eksponert landskap som her. Desse vert også synlege frå Jostedalsbreen Nasjonalpark. Legg ved bilete som syner anleggsveg i bratt terreng og høvesvis taubanedrift i bratt terreng. Det er i dag ingen større inngrep i området, grustaket har moderat til liten eller ingen innverknad på landskapet idag. Det er noko revegetert.

Punkt 2.0 Skildring av tiltaket:

Vegbygging i nedre del av planområdet vil verte visuelt svært synleg i bratt terrenget og frå andre nærliggande områder i det bratte og tronge landskapsrommet. Vegen, samt røyrgate vil verte svært synleg frå bla vegen, frå vatnet, frå Yngsdalen og høgareliggande fjellområde mot vest inkl. søraustlege delar av Jostedalen nasjonalpark.





Illustrasjonsfoto: Anleggsveg i bratt terreng for utbygging av småkraftverk i Sogn og Fjordane.
Foto: Bjarte Skår Brødrene Dahl A/S

Vi vil derfor be NVE om å sette krav til bruk av taubanedrift som eit avbøtande tiltak for å minimere verknadar for landskap, evt auka bruk av helikoptertransport.





Taubanedrift for utbygging av røyrgate til små vasskraftverk gjev langt mindre inngrep i terrenget enn anleggsveg i bratt terreng:





Avstand frå evt kraftverk til nærmaste hytter: mot sør 108 meter og 152 meter mot nord (kilde www.fylkesatlas.no). Nærleiken til vatnet og det lukka landskapsrommet med høge vegger av fjell vil gjere støy frå kraftstasjonen svært merkbar over store avstandar i området. Lågfrekvent støy vert frakta over lengre avstandar. Støydempande tiltak vert såleis viktig.

Punkt 2.6 Offentlege planar og nasjonale føringar:

I Luster kommune sin kommunedelplan er området definert til å ligge i gul konfliktsone dvs med middels konflikt. Vi presiserer her «Desse områda har typisk nokre sterke interesser som det må takast omsyn til. Utbygging av kraftverk i desse delområda må ta omsyn til dei allmenne interessene og planleggast med avbøtande tiltak». Dette er vi heilt einig i! Det vil vere avgjerande viktig med god restvassføring og god restaurering og naturleg revegetering av kraftgaten. I Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging i Sogn og Fjordane er Vikaelvi lista opp i tabell 3.10.1 over fossar/stryk som er viktige landskapselement. Forutan Fv.337 til Veitastrond er områda langsmed vatnet lite prega av inngrep og framstår idag relativt urørde. Større markerte sår i dette landskapet vil såleis skille seg ut. INON: Sidan midten på 1990-talet har det vore nasjonal arealpolitikk å planlegge på ein måte som i størst mogleg grad ivaretek inngrepsfrie naturområde. Det er klart ein stor utfordring å etterleve slike ambisiøse mål, men for verdifulle område som i randsonene rundt nasjonalparkar o.l. bør ein i mykje sterkare grad kunne følgje opp nasjonale mål: Målet om å ta vare på det som er att av inngrepsfri natur er uttrykt i fleire stortingsmeldingar dei seinare åra. Mellom anna i St.meld. nr. 17 (1998-99) "Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren", nr. 39 (2000-2001) "Friluftsliv", nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfold", nr. 21 (2004-2005) og nr. 26 (2006-2007) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand". I Stortingsproposisjon 1 S (2009-2010) frå Miljøverndepartementet (Statsbudsjettet), er INON eit eige arbeidsmål som går ut på å "sikre at attværande naturområde med urørt preg blir tekne vare på".





Nyare tids kulturminne, er ein taubane knytt til Yngsdalen; taubana på veg ned frå Yngsdalen over vatnet til neset ved Ugulsviki. Ombord skimtast ein person og last. Foto: Elisabeth Dahle





Taubana er straks framme ved neset ved Ugulsviki. Inngrep i landskapet ved Vikaelvi vil verte svært synlege frå transport med dette kulturminnet frå Yngsdalen og over vatnet. Foto er teke frå holmane sør for Ugulsviki. Ein populær telt- og rasteplass for padlere og båtfolk. Vikadalen inn til høgre i bildet. Foto: Elisabeth Dahle



Punkt 2.7 Alternative utbyggingsløysingar:

Kva alternativ som best ivaretek det urørte preget langs Veitastrondsvatnet vil vi be NVE om å vurdere, med vekt på å ivareta landskapskvalitetane.

Punkt 3.4 Biologisk mangfald og verneinteresser:

Registrering av Hubrolåt i området under vårlege sykkelturar kan underskrivne også stadfeste. For flora i tiltaksområdet har vi ikkje spesiell knunnskap. Tiltaket påverkar ikkje direkte verneområde, men vil det indirekte som ein randson. Tiltaket vil verte synleg frå verneområde (Yngsdalen naturreservat og Jostedalsbreen nasj.park søraustlege arm) og på vegen inn til nasjonalparken.

Punkt 3.5 Fisk og ferskvassbiologi:

Om elvemunningene er viktige for ferskare, varmare og meir næringsrikt vatn vert det viktig å sjå på sumverknadane av mange utbyggingar til Veitastrondsvatnet. Stor populasjonstettleik med liten tilvekst på veksten har vore kjent tilbake til 1980-talet bl.a gjennom prøvefiske utført av distrikthøgskulen i Sogndal, no HISF, ved bl.a limnolog Bjørn Sivertsen og studenter (underskrivne var blant dei). Fritt garnfiske vart nytta i perioder for å redusere antall fisk og betre tilveksten. Dette viser at det framleis er viktig å sikre næringstilførsel og tilførsel av varmare vatn. Særleg i dei sørlege delene av vatnet der fisketettleiken er størst.

Punkt 3.7 Landskap:

Landskapsvurderingane sett til klasse A2 med høg inntrykksstyrke og variasjon i eit landskap med kvalitetar og komponentar som gjer landskapet einståande med eit stort opplevingspotensial. Vassdraget Vikaelvi (kalla Ugulsvik) er spesifikt omtala i same miljørapport frå Aurland Naturverkstad. Det er trekt fram at elva har god visuell tilgjengelegheit, at ho er sær synleg og framtrædande og at elva er eit sterkt landskapselement. Elva er einaste markerte fossestryket i landskapsrommet og gjev variasjon i vegetasjonsbilete og terrengformasjonane. Rapporten til Aurland Naturverkstad konkluderar med at det samla konfliktpotensialet basert på landskap, naturmiljø og kulturmiljø er stort. (Clemetsen M.& Skjerdal I.B. 2006 A).

Punkt 4.0 Avbøtande tiltak:

Hovudmålet må vere å sikre det urørte preget i eit sær eigent landskapsområde på ein best mogleg måte, med minst mogleg synlege inngrep i fjellsida. Landskapet gjer at lyd lett vert leda over lange avstandar. God støydemping er naudsynt.

Sumverknader:

Elvane tek med seg viktig næringsstoff til Veitastrondsvatnet og fisken som lever her. I tillegg vert det lommer av varmare ferskvatn som ikkje er brepåvirka ved elveosene. Desse er viktige oppvekstområde for yngel og småfisk. Vatnet er sterkt prega av mykje kaldt brevatt med jamnt over svært låge temperaturar og fisken her har allereie låg tilvekst pr år. Fleire utbyggingar av elvane som drenerer til vatnet, der det meste av vatnet går i røyr vil redusere viktig tilsig av både næringsstoff og varmare elvevatn som ikkje er brepåvirka. Vi har ikkje nok kunnskap til å vurdere omfanget av dette og overlet til NVE å vurdere sumverknadane av både dei gitte konsesjonane og dei nyare omsøkte for tema fisk. Landskapskvalitetane i området er store med høg verdi. Det er no omsøkt to ny kraftverk i tillegg til dei søknadane i området som alt har fått konsesjon. Vi ber NVE vurdere godt kor stor innverknad tiltaket har på landskap også sett i høve dei kommande inngrepa av fleire nye kraftverk i området.



Sogn og Fjordane turlaget sitt syn på konsesjonsøknaden:

Sjølve tiltaksområdet er ikkje av vesentleg verdi for friluftsjnteresser, men tiltaket vil influere på svært viktige landskapsverdier som også er vesentlege for friluftslivet i turlaget sine virkeområder. Området ligg i randsona til Jostedalen nasjonalpark og vert godt synleg i ein av innfallsportane til denne. Tiltaket vert også godt synleg frå populære turmål i vest. Med ein nyoppsett DNT-hytte som no er under planlegging på Tungestølen, vil tiltaket i sterkare grad kunne påverke generelt friluftsliv i området t.d padling på Veitastondsvatnet og sykling langs riksvegen. Kajakkpadling er satsingsområde både i Luster og Sogndal sine turlag. Av desse grunnane, og sumverknadane, er vi kritiske til utbygginga.

«Urøyrd natur vert ikkje laga lenger» sitat Fridtjof Urdal, kulturformidlar og ordkunstnar.

Sakshandsamar hos oss er Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv, elisabeth@fnf-nett.no, mob. 480 20 532

Med helsing

[SOGN OG FJORDANE TURLAG](#)



v/ Ron Overdevest
[leiar Naturvernutvalet](#)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Tlf. 57 72 06 14

E-post: sogturla@online.no

Heimeside:

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455